



YTRE HAUGSDAL BUSTADOMRÅDE OPPSTART - SAL AV TOMTER



Oversikt bustadtomter

Bustadområdet i Ytre Haugsdalen er eit nytt bustadfelt med 12 byggjeklare kommunale bustadtomter. Alle tomtene er ferdig planert og tilrettelagt med veg, vatn og avlaup.

[Lenke til planregisteret for å sjå reguleringsplanen](#)



Tomt nr	Areal	Pris pr. tomt	GBNR	Status
1	1033 m ²	650.000	1/100	Ledig
2	1512 m ²	750.000	1/101	Ledig
3	1080 m ²	650.000	1/102	Ledig
4-5	1818 m ²	1.300.000	1/103	*6-mannsbustad
6	1105 m ²	950.000	1/104	Ledig
7	955 m ²	900.000	1/105	Ledig
8	1139 m ²	900.000	1/106	Ledig
9	1062 m ²	825.000	1/107	Ledig
10	1055 m ²	850.000	1/108	Ledig
11	1110 m ²	825.000	1/109	Ledig
12	1047 m ²	825.000	1/110	Ledig
13	928 m ²	825.000	1/111	Ledig
14	857 m ²	650.000	1/112	Ledig

Oppmålingskostnader er inkludert i kjøpesummen.
Dokumentavgift og tinglysingsgebyr kjem i tillegg til kjøpesummen.

*Tomt nr 4-5 er regulert til 6-mannsbustad og vert selt samla til utbyggjar som vil byggje fleirmannsbustad.

Nærområde

Bustadområdet i Ytre Haugsdalen ligg sørvendt mot Fensfjorden med vakker utsikt og gode solforhold. Her er det kort avstand til nydelege naturområde, turterreng og fine badeplassar m.m.



Kartutsnitt som viser Ytre Haugsdal i forhold til Bergen, Knarvik, Mongstad og Sløvåg

Frå bustadområdet er det 10 minutt med bil til Hosteland der det er butikkar, skule, barnehage, m.m. I Fensfjordbygg finn ein blant anna helsetenester, kafè, politi og NAV.



Nordbygda skule og idrettsanlegg på Hosteland



Fensfjordbygg

Bustadområdet har kort avstand til fleire store nærings- og industriområde med mange arbeidsplassar. Det tar cirka 7 minutt med bil til Sløvåg, der det er eit stort tal bedrifter, service- og velferdstenester og butikkar i bygget *Vidsyn*.

[Wergeland Group](#) er lokalisert i Sløvåg. Selskapet driv innanfor fleire forskjellige forretningsområde i Gulen industrihamn.



Gulen industrihamn i Sløvåg

Frå Sløvåg går det ferje vidare til Leirvåg ved Mongstad.



Dronebilete med plassering av bustadområdet

[Sjå dronofilm av bustadområdet!](#)

Ønskjer du å kjøpe tomt i Ytre Haugsdal?

Første salsrunde vert frå 15. oktober - 1. november 2024

Alle som ønskjer å kjøpe tomter i første salsrunde må sende e-post til Masfjorden kommune post@masfjorden.kommune.no . Her må det stå kva tomt du ønskjer å kjøpe og kontakinformasjon. Dersom to eller fleire kjøparar ønskjer å kjøpe same tomt i første salsrunde, vert det loddtrekning på kommunehuset.

Seinare vert tomter seld etter prinsippet «først til mølla».

Privatpersonar skal ha fortrinnsrett til alle tomter med unntak av tomt 4 -5, som skal seljast til utbyggjar som vil byggje fleirmannsbustad.

Alle tomtene skal seljast med klausul om at kommunen har rett til å kjøpa tomta attende til same pris dersom det ikkje er oppført bustadhus innan 3 år. Kommunen skal ha forkjøpsrett ved vidare sal av ubebygde tomter til same pris som tomta vart seld, indeksregulert.

Ved spørsmål kan de ta kontakt med Kjersti Furnes Soltvedt på telefon 90619603 / 56166200 eller på e-post kjersti.soltvedt@masfjorden.kommune.no.

Visning etter avtale !

[Vil du vite meir om Masfjorden kommune? Klikk på brosjyren vår!](#)

